



Statens vegvesen

Andreas Hundvin

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
18/216518-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.11.2018

Plassering av gjødselkumme – Gnr. 56 bnr. 9 – Nesfossen i Lindås kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka, seinast din e-post mottatt 19.10.2018.

Saksgang hittil

Saka gjeld mogleg plassering av gjødselkumme med diameter 21 meter og høgde 3 meter. Kummen skal nyttast til å ta imot slam frå settefiskanlegget på Nesfossen. Dette slammet har fram til 2018 blitt transportert til Sløvågen for handsaming.

I din e-post 02.10.2018 ber du om ein uttale i samband med plassering av gjødselkumme på gnr. 56 bnr. 9 ved Nesfossen i Lindås kommune. I vårt førebels svar den 18.10.2018 ber vi om meir opplysningar om tiltaket, samt betre teikningsgrunnlag for vurderinga. Samstundes gjer vi merksam på at byggjegrensa langs fv. 57 er 50 meter frå vegmidte. I din e-post den 19.10.2018 spør du om grensa på 50 meter er absolutt, då du ikkje ønskjer å bruke ressursar på å utarbeide teikningar til inga nytte. Du nemner også nærliggjande høgspenst-linje med byggjegrense på 15 meter, som gir utfordringar for tiltaket.

Førebels vurdering frå Statens vegvesen

Byggjegrenser vert sett for å ivareta vegens behov for areal både no og i framtida. Fv. 57 er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon, og har difor ei streng haldningsklasse og brei byggjegrense.

Ein kan søkje om dispensasjon frå byggjegrensa langs veg. I Lindås kommune er byggjegrensa heimla i kommuneplanens arealdel, § 1.6. Det er difor kommunen du må søkje til, medan Statens vegvesen er uttalepart.

Vi har gjort ei konkret vurdering av tilhøva langs fylkesvegen på strekninga, type tiltak og formål med tiltaket. I denne saka kan Statens vegvesen akseptere ei plassering på inntil 25 meter frå vegmidte. Ei føresetnad for positiv uttale vil vere at avkjørsletilhøva og manøvreringsareal kan utførast på ein trygg måte.

Det er ikkje gjort reie for kva andre tiltak som må gjerast for å nytte kummen. Vi må ha skisser som viser mellom anna snuareal og eventuelle terrengmessige endringar, før vi kan gjere ei vurdering og gi endeleg uttale i saka.

Vi må også ha vegskisser som viser at avkjørsla mot kummen kan etablerast på eit trygt sted. Foreløpige teikningar frå FanAgro viser at når krysset med fv. 57 vert bygd om, blir sidevegen senka i svingen. Vi treng ei skisse som viser korleis avkjørsla koplar seg på lokalvegen etter den er bygd om. Når det gjeld manøvrering er vi særleg opptatt av at dette må skje på ei slik måte at det ikkje er til hinder for trafikken som skal svinge av frå fv. 57, då det kan medføre trafikkfarlege situasjonar.

Vidare saksgang

Det er Lindås kommune som er vedtaksmynde for dispensasjon frå byggjegrænse mot fv. 57. Vidare saksgang må difor avklarast med dei. Som nemnd kan vi gi endeleg uttale når vi har fleire opplysningar og betre teikningar over tiltaket.

Avkjørsla til arealet der kummen er tenkt plassert er ikkje heimla i reguleringsplanen for Nesfossen. Kommunen må difor også ta stilling til om tiltaket krevjar dispensasjon frå reguleringsplan.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ